



Retningsliner for tildeling av tilskot frå ungdomsrådet

Bremanger ungdomsråd har vedteke å dele ut midlar på til saman 50.000 kr pr. kalenderår til barne-/ ungdomstiltak i kommunen.

1. Føremål

Midlane skal bidra til å styrke oppvekstmiljøet til barn og unge i målgruppa 0 - 19 år.

2. Kven kan søkje

Privatpersonar, grupper og organisasjonar, t.d. FAU og elevråd som driv barne-/ ungdomsarbeid i Bremanger kommune. Fleire kan gå saman om ein søknad.

3. Kva kan du få støtte til?

- arrangement, aktivitetar, kurs eller liknande
- sosiale møteplassar
- alternative idrettsaktivitetar
- festivalar
- LAN
- nyskapning

og liknande.

Midlane skal ikkje gå til ordinær drift av allereie eksisterande aktivitetar. Ein kan heller ikkje søkje tilskot til aktivitetar som allereie er gjennomført.

4. Slik søker du

Søknadar skal sendast inn via kommunen sin elektroniske søknadsportal.

Søknadar som kjem inn etter fristen, vil ikkje bli handsama før neste runde.

Det blir gjort to tildelinger årleg, og ein har derfor to søknadsfristar:

1.mars og 1.september

Det skal vere minst 25.000,- til utdeling ved kvar søknadsfrist.

5. Vilkår

Bremanger ungdomsråd vil leggje vekt på følgjande ved prioritering av søknadar:

- Ungdom skal vere med i arbeidet med planlegging og gjennomføring av tiltaket, gjerne vere dei som skriv søknaden.
- Tiltaket skal vere tidsavgrensa og skal ikkje gå til vanleg drift.
- Tiltaket skal vere rusfritt.
- Private arrangørar under 18 år må ha underskrift av føresette.
- Maksbeløp pr søknad er 15.000,-



- Pengane kan bli brukt til mindre eingongsinvesteringar, men skal ikkje føre til kommunale driftskostnadars.
- Pengane kan bli brukt til leige av instruktørar til spesielle kurs eller aktivitetstiltak med tidsavgrensing.
- Aktivitetar som treff mange vil bli prioritert.
- Prosjektet skal være gjennomført innan same kalenderår, eller påfølgjande år som søknaden vart sendt.
- Om tiltaket vert utsett skal dette meldast skriftleg til Bremanger ungdomsråd.
- Dersom prosjektet vert endra vesentleg undervegs, skal det søkjast om omdisponering av tilskot.
- Etter utført prosjekt skal søker sende inn ein kort rapport til Bremanger ungdomsråd.

4. Sakshandsaming

Forvaltningslova sine reglar for sakshandsaming ligg til grunn. Søknadar er offentlege. Søknadene blir handsama av ungdomsrådet i det første møtet i ungdomsrådet etter at søknadsfristen har gått ut.

Søkjarar kan forvente svar innan 4 veker.

Svar på søknaden sendast til e-post adressa som er oppgitt i søknaden.